

offiserar. Mange av dei hadde vore med i NS sidan 1933. Andre hadde kanskje vore ute sidan brotet - eller dei trudde dei hadde vore ute fordi dei ikkje hadde betalt medlemskontingenten. Men dei fann no vegen attende, iallfall til AT. At den nasjonalsosialistiske påverknaden kunne bli sterk under slike tilhøve, gjev seg sjølv. Offiserane nyttar heile tida Hitler-helsing i tenesta 42).

#### Frå Nordiske Folkereisning til Nasjonal Samling:

I dei mange borgarvem, pistolklubbar, i Arbeidsfylkingen, Leidangen, innan Fedrelandslaget, og også blant andre på høgrefløya i det politiske spekteret venta mange utålmodige på ein sterk vilje som kunne leie dei framover i fellesskap. Quisling vart mannen som kom til å samle dei mange høgreradikale rørslene under ei leiing. Det som batt han og dei han representerte saman med tysk nasjonalosialisme, var den tyske rørsla si vilje og evne til å demme opp for og ta eit endeleg oppgjer med alle forfallstendensane i tida - slik dei såg det.

I mars 1931, like før han vart forsvarsminister, stifta Quisling organisasjonen Nordiske Folkereisning. Målet var å "tilintetgjøre den importerte kommunisme som ikke stemmer med nordisk egenart". Major Finn Hannibal Kjelstrup, som seinare vart sjef for Legionen, var medlem i Folkereisninga. Det var òg ein annan framståande offiser som var særskilt aktiv i Legionstida, major Jan Kielland, en "uforsonlig motstander av kommunisme og demokrati". Begge hadde årelang teneste i Belgisk Kongo, ifølgje vitneutsegn ei "brutaliserende tjeneste".

I 1933, etter at Quisling hadde gått av som forsvarsminister, offentleggjorde Tidens Tegn den 16. mai endeleg eit "Opprop til Nasjonal Samling" der programmet frå Folkereisninga vart teke opp att i litt endra form. NS var ikkje noko nytt fenomen i norsk politikk, berre eit systematisert uttrykk for tendensar som hadde eksistert lenge. Særleg på grunn av partiet si kompromisslause kampinntilling til marxismen skulle NS i teorien vere vel eigna til å

bygge bru over kløfta mellom på den eine sida autoritær konservativisme, ekstreme nasjonalistiske straumdrag med t.d. forkjemparane for Grønlandsokkupasjonen - som t.d. dosent Adolf Hoel og advokat dr. juris. Gustav Smedal - og på den andre sida norske variantar av fascism eller nasjonalosialisme. Blant grønlandsforkjemparane finn vi også Hallvard Devold som skulle opprette ein stasjon på Grønland under okkupasjonen, i staden hamna han i amerikansk konsentrationsleir.

Med NS gjorde òg ein klår antisemittisme inntog i norsk politikk. Men truleg m.a. fordi vi berre hadde omlag 1300 nordmenn av mosaisk konfesjon -- det fanst i tillegg ein del av jødisk ætt som var protestantar e.a., slik at totaltalet var noko større -- fekk den antisemittiske verksemda lite å seie, sjølv om antisemittiske innslag jamnt over gjekk att i vervekampanjen.

NS-medlemmene kom frå alle borgarlege parti og rørsler, tyngdepunktet fann ein i Høgre og Fedrelandslaget. Til ei viss grad var tilslutninga til fascismen utslag av ein høgreradikalisme av det slaget som hadde samanheng med ung alder og svak binding til integrerande institusjonar, altså ein slags ungdomsmeleg radikalisme. Over heile Europa var studentane i 1920 og 1930-åra gjennomgåande høgreorientert. Sjølv i Noreg var fascismen å finne blant gymnasistar, mest i det vestlege Oslo-området og tilsvarande strok i andre større byar - ein slags mellomklassungdom med ei yrkesmessig fordeling som mest liknar på fordelinga i Høgre (43). Men bygd-Noreg var òg sterkt representert, særleg flatbygdene på Austlandet og utkantstrokk der det hadde vore sterk polarisering mellom ei radikal arbeidarrørsle og gamle bonde- og skogeigarslekter som var redde for å bli detroniserte. Områda ved Mjøsa rekrutterte godt blant storbøndene, medan trauste bondeslektar i Gudbrandsdalen og Austerdalen òg vart tiltrukne. Elles stod industriområde, som t.d. nedre Telemark, sterkt.

Fedrelandslaget er det partiet som saman med Høgre i særklasse blir oftast nemnt i rettssakene - nest etter NS sjølv. Av 350 rettssaker går det fram at dei desse galdt hadde, eller hadde hatt, medlemskap i politiske parti og/eller i halvmilitære eller andre

sett - sjølv om NS på sitt høgste under okkupasjonen hadde omlag 45000 medlemmer. Det totale medlemstalet var vel 10000 høgare, men mange meldte seg ut. Først gjennom NS stod fascismen fram i organisert form. Likevel gjekk det ein tråd av likskap gjennom dei rørsler og parti vi før har nemnt - vi hadde jamvel ei protofascistisk sekt som kalla seg "Norges nationalsosialistiske arbeiderparti" som tydelegvis stod sterkt i visse krinsar, t.d. på Notodden og somme stader på vestkanten i Oslo. Somme leiarpersonlegdomar ser ut til å ha vore gjengangarar i opptil samlege.

Innfiltra i dei finn vi andre rørsler som skal nemnast fordi nøkkelpersonane ofte er dei same - og fordi så mange frontkjemparar var med i dei. Den viktigaste av dei var kanskje den frivillige Arbeidstjenesten som i 1938 endra namnet sitt til Norsk Riksdugnad. Føremålet med Arbeidstjenesten var å utføre samfunnsgagnleg arbeid, å motverke arbeidsløyse, å skape kameratskap og solidaritet, m.a. med bureisarar. Målet var ideelt nok, og arbeidsteneste vart innført i fleire land på 1930-talet. Men vegen frå arbeidsteneste til frivillig innsats på Austfronten var stutt, noko som kosta hundrevis livet, invaliditet og landssvikstempel. Det hende at heile AT-avdelingar samla melde seg frivillig, heilt opp til 147 mann på ein gong (37). Dette galdt den statlege AT under leiing av NS. Men ho var ei vidareføring av mellomkrigstida sine ulike variantar innan arbeidstenesta. Sommaren 1940 prøvde NS først å kveikje oppatt den tidlegare arbeidstenesta si frå 1930-talet. Arbeidstenesta til Administrasjonsrådet kom alt i mai 1940. Mange seinare frontkjemparar slutta seg av patriotiske grunnar til den frivillige arbeidstenesta som Administrasjonsrådet organiserte. Fleire av leiarane var ettergangarar frå NS' Arbeidstjeneste eller Riksdugnad frå midten av 1930-talet. På same vis som det kan vere vanskeleg nok å skilje NS sine spreidde tilløp til arbeidstenesta sommaren 1940 frå Administrasjonsrådet si arbeidsteneste, kan det tilsvarende vere vanskeleg alltid å skilje Administrasjonsrådet si arbeidstenesta frå etterfølgjaren, okkupasjonstida si AT (38). Høgt verdsette offiserar var sommaren 1940 aktørar i å få organisert ei arbeidstenesta for Administrasjonsrådet. I august skreiv general Ruge til oberstløytnant Roscher Nielsen og spurde om han ville vere sjef for arbeidstenesta.

Ruge gav opp oberstløytnant Ole Berg som nok ein kandidat til stillinga. Vidare bad han Roscher Nielsen om å snakke med oberst Halvor Hansson - kona hans hadde heile tida vore ei av dei førande innan kvinnerørsla til NS - og fylkesmann Christensen om saka.

Den 31. august skreiv fem offiserar og ein av hovudaktørane bak den tidlegare Arbeidsfylkingen, Walter Fyrst (39), eit framlegg til vedtak om arbeidsplikt for all oppvoksende ungdom.

Administrasjonsrådet sette i gang og mange ledige offiserar fann virkefelt som dei organiserte etter velkjende militære prinsipp - her fanst òg offiserar som sidan gjorde ein innsats blant norske styrkar i Sverige og Storbritannia eller på anna vis kom i opposisjon til okkupasjonsstyret. Det var ikkje noko sær-norskt fenomen at offiserar var leiarar for AT. Mönsteret, den tyske Arbeitsdienst, vart leia av offiserar og der vart berre dei sett på som kvalifiserte for slik teneste. Av dei 29 regimentsjefane i den tyske Arbeitsdienst i 1934 var det 15 tidlegare yrkesoffiserar som svara til K-kategorien i Noreg. Resten hadde, truleg utan unntak, vore med som offiserar i kvitegardar i dei stormfulle åra 1918-20 (40).

Formannen i Administrasjonsrådet, fylkesmann Ingolf Elster Christensen, var sjølv K-offiser og jurist - og glødande forsvarsven (41). Han hadde tidlegare vore stortingsmann for Høgre, og både forsvars- og justisminister. Store flokkar av ungdom melde seg. Mange møtte vi att på Austfronten. Slik teneste vart sommaren 1940 av mange sett på som særleg patriotisk.

Men Administrasjonsrådet sin freistnad på å lage ei a-politisk arbeidstenesta havarerte. Ho vart infiltrert, i ei viss utstrekning overteke og prøvd nazifisert. Dette førde til motsetnader som eksploderte på Gausdal høyfjellshotell seinhaustes 1940 då mange ikkje lenger ville vere med og gjekk ut. Oberst Frølich Hansen fekk etter kvart friare spelerom for å gjere arbeidstenesta til ein reindyrka kolloborasjonsorganisasjon og ein fekk det definitive brotet mellom Administrasjonsrådet si arbeidsteneste og den NS-styrte etterfølgjaren. Inn i denne AT fekk ein eit stort tal

# Svein Blindheim

Norges  
største  
under  
HILLERS  
fane



HØREGÅende